



LHL Sogn og Fjordane

## Ambulansane bruker for lang tid

Stortinget har fastsett at i 90 prosent av dei akutte hendingane skal nåast med ambulanse innan 12 minuttar i tettbygde strøk og 25 minuttar i grisgrendte strøk.

I Sogn og Fjordane manglar det mykje på dette.

Av ambulanseutrykningar i Sogn og Fjordane var det berre 80 prosent som var framme på staden innan 25 minuttar etter at melding var gjeven. Tal frå mai til august 2015 dokumenterer dette. Til samanlikning er ambulansane i Møre og Romsdal framme innan 25 minuttar i 87 prosent av tilfella, trass i topografien i dei to fylka er om lag lik.<sup>1</sup>

For hjerte- kar- og lungesjuke er tidsramma ofte knapp og det hastar å kome raskt til sjukehus.

Det har dei siste par åra vore sterkt fokus på hjerneslag. Det har vore eit viktig mål at folk skal lære seg å kjenne teikna på dette. Dette hjelpt lite når responstida for ambulanse vert forlenga og kan føre til at pasienten kjem seint til sjukehus, CT-scanning og behandling.

LHL Sogn og Fjordane kan ikkje akseptere at alvorleg sjuke pasientar i Sogn og Fjordane skal få enda lenger ventetid på hjelpt enn andre stader i landet. Noreg er eit land med mykje fjell og fjordar, smale og svingete vegar der det ofte tek lang tid å komme seg fram.

Når vi no ser at det vert meir og meir ekstremvær, gjer ikkje det situasjonen betre. Ved mange høve vil ikkje luftambulansen kunne rykke ut heller sidan den er sårbar i dårlig vær.

LHL Sogn og Fjordane krev at ambulansetenesta i fylket vert rusta opp og styrka, slik at Stortinget sitt krav om responstid vert oppfylt også i vårt fylke, hovesvis med 12 minuttar i våre byar og tettbygde strøk og 25 minuttar i utkantane.